



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 18.02.2021
Møtestad: Bryggjeslottet på Mo
Møtetid: 09:00 - 15:00

Orientering om nærskulematrisa i Vestland fylkeskommune ved rektor og skulefagleg ansvarleg Jahn Olav Nordheim.

Orientering status NAV Fensfjorden v/leiar Nina Strømsnes.

Etter kommunestyret vert det temamøte om rekrutteringsutfordringar innan pleie og omsorg.

Ein planlegg for fysisk gjennomføring av møtet, men det kan bli endra til digitalt møte dersom smittevernsbehov tilseier det.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Ove Eidsnes	SA	Medlem	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Robert Helland	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Ole Kristian Øvre Helland	SO	Medlem	
Sigrunn Almelid Birkeland	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordførar	Forfall
Marit Kristin Nese	SA	Medlem	Forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Inga Jorunn Nåmdal	SA	Varamedlem	Vara for Marit Kristin Nese
Siren Bruvik	SA	Varamedlem	Vara for Kjetil Eikefet

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2021	Godkjenning av møteprotokoll
003/2021	Orienteringssaker
004/2021	Dagsturhytte - plassering
005/2021	Avtale om tenestetilbod Politi - Modalen kommune
006/2021	Saksframlegg Datasenterstrategi - Modalen kommune
007/2021	Saksframlegg retningsline for ungjobb 2021
009/2021	Planprogram - kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø 2022 - 2030
008/2021	Avtale med Modalen kraftlag BA vedkomande konsesjonkraft for 2021 - 2024

Notat frå møtet:

001/2021: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Linda Neset; Møteinnkalling var noko sein.

Rådmannen: grunna oppdateringar i kommunen sitt datasystem oppstad det ein feil. Dette skal vere ordna no.

Grunna forfall frå ordførar vart møtet leia av varaordførar Ann-Jorunn Farestveit

Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

002/2021: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

003/2021: Orienteringssaker

Behandling:

Orientering om status frå NAV Fensfjorden v/ Nina Strømsnes og Oddvin Neset. Kommunestyret ynskjer fleire slike orienteringar framover, og særskild om prosjektet om ungdomssatsing.

Skulefagleg ansvarleg Jahn Olav Nordheim orienterte om nærskulematrisa til Vestland fylkeskommune. Kommunestyret bed om at denne saka vert følgd opp fram mot neste høyringsrunde, med mål om at elevane frå Modalen og skal få nærskulepoeng ved Voss vidaregåande skule.

Teknisk sjef orienterte kort om status for nytt kommunehus

- Det vert arbeidd med parkeringløyising i tråd med behov.

Rådmannen orienterte om:

Kommuneoverlege Frøydis Gullbrå har sagt opp stillinga si. Det vert arbeidd med å finne gode løyisingar framover.

- Dialog med vikarlege
- Dialog med Masfjorden kommune kor me drøftar moglege hjelp frå deira kommuneoverlege.

Pasienttransportløysinga:

- Dette er pr.d.d. ikkje løyst. Årsak er at tilbydar ikkje leverte inn tilbod innan fristen. Helse Bergen vil ta fatt i saka når prosessen med dei som leverte innan fristen er ferdigstilt.
- Den løysinga som i dag gjeld, vert vidareført inntil vidare.

Status for arbeidet med rekneskapet 2020:

- Koronarekneskapen Modalen går i minus
- Går mot overskot totalt sett

Vedtaket i skatteklagenemnde vedr. eigedomsskattegrunnlaget for 2015-2016

- Det vert beslutta å gå til søksmål frå kommunane si side for å avgjere utfall og praksis som skal gjelde.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

004/2021: Dagsturhytte - plassering

Behandling:

Teknisk sjef, Tone S. Skuggevik, orienterte om saka. Viste til at formannskapet har lagt fram tilråding om å velge Steinavatnet.

Rådmannen viste til at det har kome innspel frå veglaget kor dei ynskjer at kommunen ser på evt. parkeringsutfordringar i området v/ Steinavatnet. Linda Neset peika på at dette ville kunne la seg løyse.

Anne-Britt Almelid understreka at det måtte vere universell tilkomst til dagsturhytta.

Liv-Anne Aanesen støtta plassering ved Steinavatnet.

Håvard Engeseth stetta Steinavatnet grunna flest fordelar samla sett. Viktig å drøfte med grunnleigar dersom det skal etablerast veg.

Rådmannen ba om at ein måtte vurdere å kartleggje/undersøkje før evt. vedtak om universell utforming vert fatta m.a.grunna ukjent kostnadsauke.

Håvard Engeseth la fram forslag om vedtak om å plassere dagsturhytta på Steinavatnet.

Varaordførar la fram Håvard Engeseth sitt framlegg til vedtak til votering

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Tilråd plassering av dagsturhytta ved Steinavatnet på Nygard

005/2021: Avtale om tenestetilbud Politi - Modalen kommune

Behandling:

Rådmannen orienterte om saka.
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Kommunestyret i Modalen vedtek å inngå avtale om tenestetilbud med Nordhordland lensmannsdistrikt

006/2021: Saksframlegg Datasenterstrategi - Modalen kommune

Behandling:

Rådmann og assisterande rådmann orienterte om saka og svara på spørsmål.
Invest in Bergen ved Vidar Totland og Tore Mong var med via Teams og svara på spørsmål.
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune vedtek Datasenterstrategi – Modalen kommune slik han ligg føre.

007/2021: Saksframlegg retningsline for ungjobb 2021

Behandling:

Assisterande rådmann orienterte om saka og svara på spørsmål.
Kristin Nåmdal fremja forslag om utsetjing av saka. På grunn av at ungdomsrådet ikkje er vald og konstituert, så har ikkje rådet fått uttale seg i saka. Kommunestyret bed om at ungdomsrådet får saka til uttale før saka kjem tilbake til kommunestyret.
Varaordførar tok utsetjingsforslaget opp til votering. Samrøytes vedteke

Vedtak:

Utsetje saka.

009/2021: Planprogram - kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø 2022 - 2030

Behandling:

Ingrid Vatne frå Norconsult presenterte planprogram kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø. I tillegg orienterte ho om status for VA i Modalen kommune. Gjekk gjennom høyringsinnspel til planprosessen. Samrøystes vedteke

Vedtak:

Planprogrammet for kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø vert vedteke slik det ligg føre.

008/2021: Avtale med Modalen kraftlag BA vedkomande konsesjonskraft for 2021 - 2024

Behandling:

Rådmannen orienterte kort om saka. Det vart drøfta om det er råd å selge konsesjonskrafta på den opne marknaden i staden for å selge denne til innbyggjarar og verksemder gjennom Modalen Kraftlag. Dette er ein moglegheit for Modalen kommune å vurdere som ei viktig inntektskjelde til kommuneøkonomien. Varaordførar la fram alternativt framlegg til vedtak til votering. Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Alternativt forslag til vedtak:

008/2021 Avtale Modalen Kraftlag vedkomande konsesjonskraft for 2021 – 2024

Modalen kommune overfører eiga konsesjonskraft til Modalen Kraftlag utan vederlag for den del av forbruket som går til kommunalt forbruk og til private innbyggjarar / kundar og landbruk.

Modalen kommune vidarefører underteikna avtale med Modalen kraftlag om sal av konsesjonskraft for den del som skal vidaresejast til lokalt næringsliv, men med slike endringar som kjem fram nedanfor.

Modalen kommunestyre vedtek slike endringar av underteikna avtale mellom Modalen kommune og Modalen kraftlag om salg av konsesjonskraft:

Pkt 1: Kva avtalen gjeld

Endra frå: Modalen kommune sel i dag si konsesjonskraft til Modalen Kraftlag.

Til: Modalen Kraftlag har gjennom mange år disponert og seld vidare kommunen si konsesjonskraft i Modalen.

Denne avtalen gjeld to områder:

Vidare disponering av den delen av konsesjonskrafta som går til kommunalt forbruk, til private kundar og landbruk.

Sal av den delen av kommunen si konsesjonskraft som Modalen Kraftlag sel vidare til næringslivet i kommunen.

Pkt 4: Kjøpar sine forpliktelsar

Tillegg under kontraktspunkt 4:

Sal til kommunalt forbruk, private innbyggjarar / kundar og landbruk.

Modalen Kraftlag sel vidare konsesjonskrafta til desse kundene til sjølvkost

Sjølvkost vert definert som konsesjonskraftpris + kraftlaget sine kostnadar med sal av krafta. (Måling, avrekning, fakturering, datasystem, personell.)

Sal til næringslivet

Sal til næringslivet i kommunen.

Modalen Kraftlag sel krafta til næringslivet i Modalen kommune til marknadspris.

Marknadsprisen vert regulert av Modalen Kraftlag

Krafta vert kjøpt fra Modalen kommune til konsesjonskraftpris

Overskot og ev. underskot ved salet skal delast likt mellom Modalen Kommune og Modalen Kraftlag

Overskot/underskot vert definert som marknadsprisen – Sjølvkost

Sjølvkost vert definert som konsesjonskraftpris + kraftlaget sine kostnadar med sal av krafta. (Måling, avrekning, fakturering, datasystem, personell.)

Pkt 5: Vederlag

Konsesjonskraftprisen for avtaleperioden vert regulert av myndigheitene årleg. Den er sett til 11.40 øre/kWh i 2021.

Sal til kommunalt forbruk, private innbyggjarar / kunder og landbruk.

Modalen Kraftlag betalar konsesjonskraftpris til Modalen Kommune

Sal til næringslivet

Krafta vert kjøpt frå Modalen kommune til konsesjonskraftpris

Modalen Kraftlag sel krafta til næringslivet i Modalen til marknadspris.

Marknadsprisen vert regulert av Modalen Kraftlag

Overskot og ev. underskot ved salet skal delast likt mellom Modalen kommune og Modalen Kraftlag

Overskot/underskot vert definert som Marknadsprisen – Konsesjonskraftpris +Kraftlaget sin sjølvkost.

Pkt 6: Betaling og misleghald

Endra frå: Betalingsforfall for kvartalsvis oppgjær er den 30. i påfølgjande månad.

Til: Kraftlaget fakturerar kundane for 2 månaders periodar. Betalingsforfall for oppgjær mellom partane i denne avtalen, er 14 dagar etter betalingsfrist for næringslivet.
